

Fylkesmennene
Utdannings-/opplæringsetaten i fylkeskommunane

Eksamen i utlandet

Dette brevet erstattar Informasjon SUE/Vg - 97-037.

I spesielle tilfelle er det mogleg å ta eksamen i utlandet. Hovudregelen er at det ikkje er mogeleg å gå opp i fag som allereie er bestått. Ordninga gjeld i utgangspunktet berre ved sentralt gitt skriftlig eksamen, men etter avtale med ein vidaregåande skole i Noreg kan det unntaksvis være mogeleg å gå opp til lokalt gitt skriftlig eksamen. Munnleg eksamen, praktisk eksamen og eksamen med munnleg eller praktisk del, kan ikkje avleggjast i utlandet.

Dei som kan søkje om å få avleggje eksamen i utlandet er:

- Elevar med rett til ny, utsett og særskilt eksamen, og privatistar med rett til utsett eksamen
- Nordmenn som bur fast i utlandet.
Militært personell stasjonert i utlandet.

Søknaden kan bli avslått dersom

- grunngevinga ikkje tilseier at det er naudsynt å gå opp til eksamen i utlandet
- arrangørstaden er uakseptabel
- postgangen til landet det gjeld er for sein eller usikker
- det er for stor tidsforskjell i forhold til Noreg
- søknaden kjem for seint i forhold til fristen

Framgangsmåte

Eksamen skal avviklast på same tidspunkt som eksamen i Noreg. Eksaminanden må først kontakte ein mogeleg instans i utlandet som kan avvikle eksamen på eksamensdagen. Denne eksamensstaden må på førehand skriftlig seie seg villig til å avvikle eksamen.

Eksamensstaden må vere ein norsk (evt. nordisk) offentleg instans eller liknande. Dersom det finst ein norsk grunnskole eller vidaregåande skole i rimeleg nærleik, er dette dei mest aktuelle stadane å kontakte. Eksamen kan elles avleggjast ved norske ambassaradar eller konsulat. Militære leiarar, skipssjefar og NORAD sine stadlege representantar kan og godkjennast som lokale eksamensansvarlege. Ingen av ovannemnde har plikt til å arrangere eksamen.

Eksaminanden må melde seg opp i det aktuelle faget (faga) til ein norsk vidaregåande skole innan den vanlege oppmeldingsfristen. Samtidig må eksaminanden søkje om å få avleggje eksamen i utlandet. I søknaden må det spesifiserast når, kvar og i kva fag ein ønskjer å gå opp i. Søknaden må grunnjevast. Skriftleg stadfesting frå den utanlandske eksamensstaden må leggjast ved søknaden. Stadfestinga må innehalde fullstendige opplysningar om den utanlandske eksamensstaden (namn, adresse, telefonnummer, telefaksnummer og namn på kontaktperson).

Den norske vidaregåande skolen som eleven/privatisten melder seg opp ved står som formell arrangør. I utgangspunktet bør dette være den norske skolen som eksaminanden tidligare har hatt kontakt med som elev eller privatist. Fylkeskommunen bestemmer kva skole/skolar som står som formell arrangør ved eksamen i utlandet i sitt fylke.

Skolen sender søknaden til eleven/privatisten til

Fylkesmannen i Vest-Agder
Utdanningskontoret
Serviceboks 513
4605 Kristiansand

Skolen må melde eksaminanden opp til eksamen til fylkesmannen i eige fylke saman med dei ordinære oppmeldingane.

Prøveavgift og gebyr

Privatistar betalar ordinær prøveavgift på vanleg måte. Dersom søknaden blir avslått, og det ikkje er aktuelt å gå opp til eksamen i Noreg fordi eksaminanden oppheld seg i utlandet, kan eventuell prøveavgift refunderast.

Fylkeskommunen kan bestemme at det i tillegg skal betalast eit eige gebyr for administrasjon av eksamen i utlandet. Innbetalt gebyr må dokumenterast overfor den vidaregåande skolen i Noreg ein har meld seg opp ved.

Eventuelle meirutgifter i samband med eksamen skal dekkjast slik eksamensstaden i utlandet bestemmer (betaling for tilsyn, porto o.l.). Det same gjeld eventuelt depositum direkte til eksamensstaden.

Dersom søknaden vert godkjend, sender Utdanningsdirektoratet eksamensoppgåva/eksamensoppgåvene direkte til den utanlandske arrangøren i god tid før eksamen.

Utdanningsdirektoratet er ikkje ansvarlege for oppgåver eller eksamenssvar som blir borte eller forseinka, uansett årsak.

Den vidaregåande skolen i Noreg som står som arrangør av eksamen sender den utanlandske arrangøren

- ei orientering om korleis eksamen skal avviklast
- svarark og kladdeark til bruk under eksamen
- innerkonvoluttar som eksamenssvara skal leggjast i når dei skal sendast til sensur
- opplysningar om kvar eksamenssvara skal sendes til sensur (dette kan eventuelt ettersendast dersom skolen ikkje har motteke desse opplysningane).

Dette må gjerast i god tid før Utdanningsdirektoratet sender oppgåvene til eksamensstaden.

Skolen må og orientere 1. sensor om eksamen i utlandet, slik at ho/han er førebudd på at eksamenssvaret kan komme noko seinare enn andre svar.

Spørsmål om eksamen i utlandet skal rettast tenesteveg. Dei vidaregåande skolane orienterer elevar og eventuelle føresette. Fylkeskommunen avgjer kor privatistar skal vende seg innan fylket.

Med helsing

Siv Hilde Lindstrøm
avdelingsdirektør

Johs Totland
rådgjevar